

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voss

Emne: Gifteferdig ungdom

Bygdelag: Kvitli

Oppskr. av: Brita Lid f. 29, 1893

Gard: Øvre Lid

(adresse): Myklebost i Haram.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja .

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Synet på giftarmål.

Kva var sømeleg giftarmål?

- Frå fyrre århundre. -

1. Ja.

2. Gifte frå andre bygder skulle ein helst ikkje ha, heller ikkje grannebygder. Døme ordtak: "Ho tok ein utbyggdar!"

Men der var ein relativ skitnad. Rimeligvis fordi ein i grannebygder kunne skaffa seg pålitelege opplysningar om slekta - og om økonomiske forhold - hjå dei ein gifte seg med. Frå og til grannebygder, Vossestrand, Evanger, Granvin, kunne det endå gå. Men der var ikkje mange ihopgifte der heller.

Frå Hallingdal kunne det òg gå - det var mykje samkvame mellom Voss og Hallingdal over fjellet i eldre tid. I Raundalen var såleis inngifte frå Villand, ofta i Hallingdal.

Men kom ein lenger aust vart det reint gale. Ordtaket: "Ho tok ein valdris!" Det lydde heilt nedsettjande.

3. Ja. Gardmannsfolk med gardmanns-
søner og døtter. Husmannsfolk med
husmenn eller andre småfolk.

4. Ja.

5. Ja, i mange tilfelle. Og i alle
tilfelle måtte dei unge rådfoira
seg med foreldra, ells kunne forel-
dra gjera dei arvelause.

6. Ja.

7. Nei. Fekkje noko vist, heller som
i spøk.

8. Hemningslag, hemdabytte kjemmer eg
ikkje. Men: Hevnekrokar (hevn = hemning)
Uttrykket er: Dei hogde hevnekrokar.
Det svarar rimeligvis til "systerbytte".
Hogga hevnekrokar tyder: Når ein jor-
dagut hogg til seg systera til ein
annan jorlagut, vart den siste ofte
kvinnfolklaus. Han måtte då hog-
ga borti hja ^{den} vandre og få til seg
hans systar til kona på garden.
Hevnekrokar var alltid bror og systar,
systar og bror.

9. Grunnen har eg alt nemnt: Hemn
for kvinnfolkloise.

Om det skulle styrke att, har eg
ikkje vissn om. Men det skulle
styrke økonomien - når dei gav heime-
gjerd, skulle dei få att heimegjerd.

10. Skyldskapsgifte meinte dei var bror
Systinkonv både kunne og skulle
gifta seg ihop. Dei måtte i den tid
ikkje ha tanke om arvelige lover.
Ho mor hernde det slik: Når det
var formuande folk, skulle dei gifta

3
2.
3
—
seg ihop, så pengane kunne verta verende i akka.

11. Nei.

12. Ja, det hende ikkje så sjeldan. Summe vart også arvelause. Andre gav etter for press.

13. Ja det var det.

14. Ja. T. d. leestefar om han levde.

15. Ja. Dei skaut to skot, det var skammaskot."

"Det kunne vera ein forsmådd friar, offare ein sviken kjærast som fekk det se til. Han fekk andre menn med seg til å skjota skota.

Ein gong då ein 18 årgamal tenestedreng gifte seg med ei 76 år gamal enkje, hadde dei på vegen til brudlaugs-garden laga sperring av store tre - det var på Graud i Tjukkebyggda. Og heile brudlaupslaget laut køyra ut i ein åker for å koma forbi.

Denne gongen var det ikkje nokon einstkildperson som stod bak, men heile folkeopinionen i grenda som reagerte.

16. Eg har høyst at hans mor kunne selja ei ferøve på den gjenta ho skulle ta til sønekor. Kanskje kunne foreldra etter det gje etter, men elles var dei offast skendinge.

17. Ja. Husmannsfolk og tenestefolk stod på ein måte friare, dei måtte berre ikkje stila for høgt.

18. Ja, gardenkjer stod friare. Dei hadde levemåte for ein mann, og kunne stundom fria sjølve. Det gjorde den 76 år gamle enkje som fridde til den

18 år gamle drengen sin.

19. Gutane hadde retten til å fri, men burde rådfrå seg med foreldra, eller dei eldre i huset før dei gjorde det. Nei, det med eldre jenter, veit eg ikkje. Men det skulle vera jenter med heimegjerd. Eukjer med gard var godt gifte.

20. Aja, det var stor fry på det. Lerleg jonsoknatta tok jentene jonsokgras og la seg hjå bekk eller elv og ville drøyma om den dei skulle få. Eller dei tok varsel med skilspilane, og den dei fyrst såg. Eg har før skrive om det.

21. Ja. Dei hadde gmsse slike middel.

22. At slike middel var brukte, er vist. Men kor mykje dei hjulpe, er ikkje stadfest. Summe brukte på verknaden, andre ikkje.

23. Vaksne gutter og jenter skulle ikkje fylgjast, eller snakke saman om dagen, det var ikkje god folkeskikk. Det skulle dei gjera inne på romet til jentene om kvelden. Ei herming frå vårt århundre: „Når dei er so mykje itop om dagen, korleis skal dei då vera om natta.“ Denne tankegangen er frå folk som levde i fyrrde århundre.

II. Nattefriing.

Frå Voss heldt skikken seg til 1900, og eit stykke inn i det 20de. Før 1900 hadde det vore oppløst frå preikestolen, atvaring mot nattefriing (nattelöberi). Ein av medhjelparane, Johan Skulle, steig fram og sa at han hadde vorte klar over at det var gale, og ville no ta avstand frå det. Av eldre pålitelege folk, har eg høyst at skikken var feilvurdert. Det bring ikkje vera nok utvilsomt i at ein gut gikk til ei jente

5
3.
5
om kuellden eller netta, og snakka med
heme. At der også var utuktig omgang,
er ein annan ting.

24. I min barndom kom der sjauarar
på garden, på Lid, til omlag 1906.

25. Sjauarar.

26. Ja, der var ein skilnad. Dei som
heldt stak og sjau, og gjekk frå hus
til hus var oftast unggutar og dei
var fleire i lag. Guten som gjekk til
gjenta for å fri, eller til gjenta si,
varleine. Han kom stilferdig, etter
hine var lagde, og gjekk att like stilt.

27. Det var gnost. Vanleg i vår grend
6-7, yngre og eldre.

28. Ja, dei måtte vera over konfirma-
sjonsalderen.

29. Frå same grenda.

30. Ja. Tenestgutar og andre.

31. Nei.

32. Ja.

33. Alltid samnan.

34. Nei.

35. Det var alltid laurdagskuld.

36. Forbod har eg ikkje høyrte om. Men desse
laga av gutar som "gjekk på sjau", d. v. s.
for å halda høyrøysta mora, fylgde den
ustrevne lova at når det låg lik på
garden, i påskevika, skulle det vera stilt.
Like eins fyrste luten av jola.

37. Ja, det gjorde dei. Helst i heimegrenda.
Stundom i næraste grannegrend - ja også
lenger ifrå.

Var det stolsgrender nær ein dal med
gardar, gjekk gutane i dalen i flokk
på sjau til stolsgrenda.

38. Ja, det var heilt vanleg. Ikkje lenne

6
ein, men fleire. Dei brukte sjauare-målb.
39. Stev. T. 4. "Dar oppi går" i gjenta man-
ga, og summa stutta og summa langa, og
summa i so i rjupa kvit, og summa i
so i barka hit."

40. Nei ikkje desse laga. Berre innskildmeme.

41. Ymist.

42. Ja, dei kunne erba dei litt.

43. Nei.

44. Dei kunne ha det. Kringla, keka.

45. Ja, ho kunne ha han best til seg,
og visa dei andre ut. Kanne få far
sin eller andre å hjelpe seg med det.

46. Til midnatt, eller kl. 2-3.

Den natlege friaren.

47. Det kunne han sakte.

48. Han kom laurdagskveld. Kanskje før
eller etter dei som helst sjau (erik).

49. Ja.

50. Han gjekk til heme i løynd til dess
dei tok ut lysing. Sidan gjekk han åpen-
lyst inn i stova, for då var dei festar-
folk.

51. Lokkeband og sokkar. Utskorne ting.

52. Ja, det vart gjort. Hele av jamn-
aldra kameratar, yngre gutar kunne og
vera med.

53. Dei som strödde safflis - kusse
fj dei" - var andre ungdomar som vil-
le ha dei til narr. Dette var brukte
langt fram i vårt århundre. Det kun-
ne ikkje gjerast utan dei hadde snusa
opp at guten og gjenta var saman den
natta. Det rekrast for ei skam. Dei
sjolve, eller folket deira, skunda seg og
sopa vekk frå dørene om morgonen.

Bjölleleik var like eins. Men det var⁷ 4.
meir åpenlyst. Dei gjekk frå gardkrull
til gardkrull og ropa ut at det var lyst
for: Ungkar N. N. og dammepika N. N. og så
skramla dei laust med bjoller og slo på
kopsarkjar. Men det vart slutt med
Bjölleleikane i slutten av fyre århundre.
54. Dei lika det ikkje. Det var ei skam.
55. Dei lika det ikkje.

56. Nei. Men det kunne takast som ei
oppfordring til å gjera det offentleg.

57. Både deler, nett som heime. Men der
helst om viren, for då var det gjentene
som var på stölen. Både gardmannsdötter
og tenestgjenter fekk ferien sin med 2-3
veker på fjellstölen. På Jonsstölen, der
eg var budia då eg var ung, kom det
heile flokkar av unggutar frå Raundalen
på sjau om laurdagsnettene. Dei
heldt ut styggeleg spelakket, leraut seg
inn her og der, knuste steinty og for
felt fram. Summe var også fulle. Det
var rådløst å få sova slike netter.
Dette var etter eg var konfirmerk i 1907.

Seinare på året kom konene på stölen,
og då vart det slutt med desse sjauar-
flokkane.

III Andre måtar som førde ungdommen
saman slik at dei lærde kvarandre
å kjenna.

A. På kystkjebakken.

58. På sjölve kystkjebakken kunne dei tala
saman i lag med foreldre og andre, men heldt
ikkje enkeltvis.

59. Dei gjekk frå kystkjebakken bort til
stallane, der gutane skulle ta ut øykenes,

eller til nauset ved Tangvatnet der høsten
var, og der kunne dei uhindra tala saman.
Gutane hadde lommelerket og baus lren-
nevin. Det hende òg at ei gjenta hadde
lommelerke, men det var undantak.
Gjentene hadde ofte ristekumba, baus kaka,
ost, kringla.

61. Gutane skulle ta initiativet. Men same
gjenter var frie nok til å ta det sjølv.

62. Javisst hadde ho det.

63. Nei.

64. Ja. Kvilesteinar.

65. Nei. Dans var lengre undan og om
kveldane.

66. Nei. Fekkje nor kyrkjeja.

B. Gjestebod saman med eldre.

67. Julegjestebod. Skirslaveitola. Gravferd.
Grautaleik på gardane. Bryllaup.

68. Nei, aldri.

69. Ingen avgjorde det. Dei la seg ofte
om ein annan. Men gjentene kunne slå
seg ikops og jaga gutane, dei fekk assi-
stans av dei eldre, om dei trong det.

70. Stabbidans er ukjent på Voss.

C. Andre høve der eldre var med.

74. Ja, noksa vanleg.

75. Ja.

76. Fekkje marknader. Men "Smalaaksjon"
mikkjelsmessdag om høsten. Då stroya-
de folk til ogå frå Vossestr. Evanger, Granvin.

77. Silkedukar, knivar, slireknivar, og arma.
Fekkje dans i mitt minne.

78. Ja, i grautalag og andre veitsler.

79. Grautalag. Gjestebod.

14488

D. Samkomer der ungdomen var mest for seg sjölv. a) Om sumaren. 9 5.

80. Nei.

86. Nei.

88. Ja, dei kom saman til Jonsokmoro, eller jonsokleik. Då brende dei brising. Og olskaftan. Då brende dei òg brising.

89. Nei. Det har eg ikkje høyst.

90. Nei.

91. Ja.

92. Nei. Eg har ikkje høyst det.

93. Det gjorde dei.

94. Nei. Det er seinare tids skikk.

b) Om vinteren.

95. Ja, det var kveldsata om fredagskveldane, også kalla "fredagsata". Gjentene sat med arbeid, ikkje spinning, men spöling, flammning av sokkeband, sauming. Gutane kom ikkje på utjing.

96. Etter at utarbeidet om hausten var slutt, og til jöl. Gjentene laga mykje jolegaver, og på "fredagsata" fekk dei ha det løynt. Til over midnatt - opp til kl. 3-4.

97. Ja.

98. Den tid gjentene låg på florslemmen kunne dei ha det der.

99. Ja, det gjekk alltid stilt for seg på "fredagsatene". Husbondsfolk og born var laude. Me song, fortalde stubbar, skröner og forteljingar. Allsleqs songar som me var glade i, me song ikkje høgt. Leikar vart det ikkje stort, - for me var ivrige å arbeida på jolegavene. Men eitkvartslags mat spanderte den som det var lyst. Kling og kaka og mjölk - eller frukt s. d. eple -.

- 100. Ja, det var det. Gynse flokkar, eller lag.
- 101. Ja.
- 102. Dei som fekk i stand dansen.
- 103. Det var eg ikkje.
- 104. Nei. Felar var i vinden på Voss.
- 105. På isen, og ved kappkøyring i eldre tid.
Etter 1900 tok skisporten seg opp.
- 106. Dei kunne vera med eller eige ønske.
- 107-108. Nei.
- 109. Helst religiøse. Foreldre kunne og nekta
av økonomiske eller sosiale grunmar.
- 110. Ja, det var mest sjølsagt.

IV. Juletråd.

- Nei, dette uttrykket, og dei andre, kjen-
ner eg ikkje.
- 128. Ja, det var vanleg seimåte at gjen-
sine hadde lov å fri skoleårsdagen,
29 februar. Ikkje heile skoleåret.
- 129. Ja, einstilde tilfelle.

NORSK ETNOLOGISK BRANSKING 14488